

Eit samrøystes stortingsvedtak for 100 år sidan (1924) om talemålet i skolen er viktig for å forstå den utbreidde dialektbruken i Noreg

ERNST HÅKON JAHR

University of Agder

ORCID: 0000-0002-3717-6099

Abstract: This year (2024) marks the 100th anniversary of a remarkable, unanimous resolution passed on March 12th by the Norwegian Parliament for the protection of the first-language varieties spoken by the young school students: their accents and dialects, the varieties they grew up with in their homes, and local communities. According to this resolution, neither teachers nor the School Authorities had the legal right to question the right of students to use their own language variety – and to have instruction given, as far as possible – in that same variety.

This resolution is important for an understanding of how the widespread use of popular dialects in Norway today came about: starting with a parliamentary decree of 1878 requiring the use of popular dialects in oral instruction in rural schools. In 1917 Parliament also decided to give this same protection to the use of urban working-class dialects in schools. Nationwide sociolinguistic legislation of this type has no known parallel elsewhere.

The principle of not trying to eradicate, or even “correcting” the dialects of school children, either in the countryside or in towns and cities, provides to a considerable extent an explanation for why Norway today stands out as probably the most dialect-using country in Europe.

Abstrakt: W tym roku (2024) przypada 100. rocznica niezwykłej, jednogłośnej rezolucji przyjętej 12 marca przez norweski parlament w sprawie ochrony odmian pierwszego języka, którym posługują się młodzi uczniowie: ich akcentów i dialektów, odmian, z którymi dorastali w swoich domach i lokalnych społecznościach. Zgodnie z tą rezolucją ani nauczyciele, ani władze szkolne nie miały prawa kwestionować prawa uczniów do używania ich własnej odmiany języka – i do nauczania, w miarę możliwości, w tej samej odmianie.

Rezolucja ta jest ważna dla zrozumienia, w jaki sposób doszło do powszechnego stosowania popularnych dialektów w dzisiejszej Norwegii: począwszy od dekretu parlamentarnego z 1878 r. wymagającego stosowania popularnych dialektów w nauczaniu ustnym w szkołach wiejskich. W 1917 r. parlament zdecydował również o przyznaniu takiej samej ochrony dialektom miejskiej klasy robotniczej w szkołach. Tego typu ogólnokrajowe ustawodawstwo socjolingwistyczne nie ma odpowiednika w innych krajach.

Zasada niepodejmowania prób wykorzenienia, a nawet „poprawiania” dialektów dzieci w wieku szkolnym, zarówno na wsi, jak i w miastach, stanowi w znacznym stopniu wyjaśnie-

nie, dlaczego Norwegia wyróżnia się dziś jako kraj prawdopodobnie najczęściej używający dialektów w Europie.

Key words: 100th anniversary, Norwegian Parliament, resolution, language varieties, dialects, oral instruction, rural schools, urban working-class dialects, sociolinguistic legislation, dialect preservation

Słowa kluczowe: 100. rocznica, Parlament Norwegii, rezolucja, odmiany języka, dialekty, nauczanie ustne, szkoły wiejskie, dialekty klasy robotniczej, ustawodawstwo socjolingwistyczne, ochrona dialektów

1. Innleiing – eit unikt sosiolingvistisk lovvedtak i 1917 og eit samrøystes stortingsvedtak i 1924

I 1917 vedtok Stortinget å gi lovvern for dei folkelege bydialektane i Noreg, for ”gatespråket” i byane, for sosiolektane til byarbeidarane. Mens ein i andre land ønskte å få elevane frå å bruke lågstatus arbeidardialektar, fekk dei same dialektane i staden eit direkte lovvern i Noreg (Jahr 1984, Jahr og Janicki 1995, Jahr 2014). Det blei forbode for lærarane å ”rette” på arbeidarspråket til elevane i byskolane. Det Stortinget gjorde i Noreg i 1917 var og er sosiolingvistisk unikt, og har ingen parallel nokon stad. Men lovvedtaket i 1917 kom ikkje utan ei lang forhistorie. Det kom som eit resultat av ein vedvarande språkpolitisk kamp og etter omfattande parlamentariske diskusjonar.

Eit avgjort høgdepunktet i Stortinget si handsaming av undervisningsspråket i skolen, av talemålet til elevane og lærarane, kom 12. mars 1924, for 100 år sidan i år. Den dagen vedtok Stortinget samrøystes dette vedtaket (her i notids bokmålsortografi):

Stortinget henstiller til Kirke- og undervisningsdepartementet å påse at folkeskolelovens bestemmelser om elevenes rett til å benytte sitt eget hjemlige talemål i skolen og til såvidt mulig å få sin undervisning på dette målføre, blir etterkommet lojalt og uten innskrenkninger eller inngrep fra skolemyndighetenes side.

Mange i samtida såg det som meiningslaust og heilt uforståeleg at talespråket til elevane i byskolane ikkje skulle bli korrigerte og retta på av lærarane. Dei viste ofte til andre land og til at slik korrigering var sjølvsagd der. Kvifor skulle det da vera annleis i Noreg? Språkstriden var det som gjorde landet annleis, og Noreg er som eit resultat av han blitt det mest dialektbrukande landet i Europa. Peter Trudgill (i Jahr 1997: 369) seier det slik:

It seems to me that there is probably more linguistic democracy in Norway than there is in most other countries, much more tolerance towards other people's ways of speaking. Generally speaking, I think there is a greater preparedness in Norway to tolerate

other people's dialects and therefore, I suppose, a greater willingness on the part of very many people to use their own dialects in situations where in other countries they would not use their dialects.

Bakgrunnen for det språksosialt svært radikale og samrøystes vedtaket i Stortinget 12. mars 1924 skal vi sjå på no. Da må vi først gå heilt attende til året 1878.

2. Stortingsvedtaket 1878

Utgangspunktet for denne soga er eit stortingsvedtak frå 1878: ”Undervisningen i Almueskolen bør saavidt mulig meddeles paa Børnenes eget Talesprog”. Ei føresegn om dette kom inn i normalplanen for skolen året etter. Til grunn for vedtaket i Stortinget (eig. i daverande ’Odelstinget’) låg det synet at bygdedialektane i landet var norske, sjølv om skriftspråket framleis var dansk. Elevane måtte derfor ikkje lærest opp til å tala slik skriftmålet var, det ville vera å fordanske talemålet til borna. I staden måtte skolen verne om det norske målet elevane kom til skolen med heimanfrå. Fleire meinte også at det måtte vera pedagogisk det einaste rette å bruke heimemålet til elevane i den munnlege undervisninga. Da forstod og lærte borna stoffet betre. (Jahr 1984.)

3. Ein språkpolitisk storm i 1911

I 1911 gjorde skolestyret i Kristiansund i Møre og Romsdal fylke på Vestlandet dette vedtaket:

Riksmalet skal benyttes ogsaa ved den mundtligе undervisning, og det henstilles til lærerpersonalet ved sin undervisning og samtale med barnene at beflitte sig paa et korrekt sprog og saavidt mulig opøve barnene i at uttrykke sig mundtlig i den sprogsform, som skal være deres skriftlige meddelelsesmiddel. (Sit. etter Norsk Skoletiden-
de 1911, s. 308.)

Lærarane ved skolane i Kristiansund blei informerte om vedtaket gjennom eit rundskriv. Alle lærarane las skrivet og kvitterte for det utanom lærar Knut Grimstad (1866–1924), som skreiv følgende på rundskrivet: ”Tages for tiden ikke ad notam.”

Lærar Knut Grimstads handling førte til ein veldig reaksjon, lokalt og nasjonal. Det blei ein storm i lokal- og riksavisar. Saka blei drøfta i Stortinget to gonger i 1912. Første gong skjedde det under trontaledebatten i mars, så i ein lang interpellasjonsdebatt månaden etter.

Lærar Knut Grimstad meinte at skolestyret ikkje hadde rett til å påleggje lærarane å undervise på riksmål, eller å øve borna opp i å bruke riksmål munnleg, og han støtta seg på stortingsvedtaket frå 1878.

Saka blei i første omgang meld til departementet. Der sat dei lenge på ho, men til slutt blei departementets syn formidla i eit skriv, der ein kunne lesa dette:

Naar skolestyret paa lovlig vis har fattet beslutning om at skolens lære- og læsebøker skal være avfattet paa riksmaal, og at elevenes skriftlige arbeider i almindelighet skal utføres i dette maal, er det etter departementets mening kun en konsekvens av denne beslutning at ogsaa riksmalet skal benyttes ved den muntlige undervisning. (Sit. etter Jahr 1984: 189.)

For mange, spesielt for folk i målrørsla, var dette noko nytt og heilt uhøyrt. Dei viste til at Stortinget i 1878 hadde vedtatt at talemålet til elevane skulle nyttast i den munnlege undervisninga, og at læraren skulle ta det same målet i bruk i undervisninga si. Kva hadde hendt mellom vedtaket i 1878 og departementsskrivet i 1911?

4. Kva skjedde frå 1878 til 1911?

Avisstormen i denne saka starta eigentleg ikkje før skrivet frå departementet blei kjent, og det var tidleg i 1912. Under trontaledebatten 5. mars blei saka drøfta første gong i Stortinget. Da kom det fram at departementet også tidlegare hadde sendt ut skriv med det same innhaldet. Heile to gonger, i 1904 og 1907, hadde dette skjedd tidlegare – utan at opinionen hadde oppdaga det. Før vi ser på desse to tidlegare sakene, skal vi sjå litt på kvifor det no i det heile tatt kunne bli ei sak om det munnlege undervisningsmålet i skolen.

I debatten i Stortinget i 1878 blei det frå fleire representantar – både frå målmenn og ikkje-målmenn – sagt at dette med talemålet i skolen eigentleg var ei sjølvsagd sak. Alle fornuftige lærarar hadde lenge praktisert det vedtaket slo fast, at undervisningsmålet i skolen skulle leggjast så nær barnas dialekt som råd, og at elevane skulle nytte sitt eige talemål utan retting og normering frå læraren si side. Det var ei samrøystes tilråding frå kyrkjekomiteen i Stortinget om dette. Ettersom dei såg på denne saka som så sjølvsagd, fann fleirtalet at det ikkje var nødvendig å vedta dette prinsippet i lovs form, slik leiaren for Stortings Venstre-fraksjonen, Johan Sverdrup, ønskte. Det var han som hadde fremma saka, og da som eit lovframlegg. I staden blei det avgjort at formuleringa om dette prinsippet skulle gå inn i normalplanen for skolen, og det skjedde altså året etter, i 1879. I 1878 galdt enno skolelova av 1860, og der stod det ikkje noko om den munnlege undervisninga. I 1889 fekk vi ei ny skolelov, og der stod det at undervisninga skulle vera på ”det norske sprog”.

På ”det norske sprog” – i denne formuleringa låg mykje godt til rette for ulike tolkingar, for kva var å forstå som ”det norske sprog”? Førebels skjedde det likevel ikkje noko i spørsmålet om den munnlege undervisninga.

I 1892 kom den såkalla ”målparagrafen” inn i skolelovene. Den gongen var det éi lov for skolane på landet, og éi lov for dei i byane. Målparagrafen (§ 64

i byskolelova, § 73 i landsskolelova) gav no skolestyra rett til å avgjera om skolane i bygda eller i byen skulle ha landsmål eller ”det almindelige bogssprog” (riksmål) som opplæringsmål. Denne 1892-paragrafen gjorde at målrørsla no kunne gå i gang med å forsøke å erobre landet for landsmål skolekrins for skolekrins. (Jahr 2015: 34f.)

Målparagrafen nemner berre skriftmålet. Så kom dette spørsmålet opp: Når skolestyra no frå 1892 kan avgjera opplæringsmålet på skolen, må vel dét gjelde for talemålet også? Prinsippet om undervisningsmålet i skolen (ifølge vedtaket 1878) stod altså berre i normalplanen for skolen, og skolelovene med endringa i 1892 måtte vel stå over normalplanen?

Fleire talarar hadde i debatten i Stortinget i 1892 presisert og forsikra at lovendringa da ikkje ville få noko å seia for den munnlege språkbruken i skolen, men etter kvart er det tydeleg at desse forsikringane ikkje fekk noko å seia for det som skjedde i 1904, 1907 og i 1911/12. Saka i 1904 galtd Bergen, 1907 ein skolekrins nær Grimstad på Sørlandet, og i 1911 galtd det altså Kristiansund. Sakene i 1904 og 1911 galtd byskolelova, mens 1907-saka galtd landsskolelova.

Det som hendte i 1904 og i 1907, blei ikke kjent i samtida. Først med saka i Kristiansund i 1911 – da lærar Knut Grimstad opponerte – blei også desse litt eldre sakene trekte fram i full breidde. Så viste det seg da at departementet både i 1904 og i 1907 hadde sendt ut rundskriv som gav skolestyra rett til å avgjera kva for mål den munnlege undervisninga skulle vera på.

5. Bergen og Trondheim 1904

Bergen skolestyre gjorde i 1904 vedtak om at det munnlege undervisningsspråket i skolane i byen skulle vera riksmål. Vedtaket blei grunngitt med at dette var ein konsekvens av at riksmål var vedtatt for dei skriftelege arbeida til elevane. Skoledirektøren som Bergen høyrd under, var samd i at lova gav skolestyret dekning for eit slikt vedtak, men sende likevel saka til departementet for å høyre kva det hadde å seia om saka. Svaret frå departementet kom i eit skriv, der det står å lesa:

naar Skolestyret i Henhold til Byskolelovens Paragraf 64 har fattet Bestemmelse om, at Skolens Læse- og Lærebøger skal være affattede paa det almindelige Bogmaal, maa det ansees som en Følge af denne Beslutning, naar intet Forbehold er taget i noget Punkt, at nævnte Maal ogsaa skal benyttes som Undervisningssprog. Der kan saaledes intet være til Hinder for, at en Bemærkning herom optages i Skoleplanen (Norsk Lovtidend II, 1904, s. 368).

Dette skrivet blei det altså ikkje lagt særleg merke til i samtida, enda også skolestyret i Trondheim straks gjorde det same vedtaket som Bergen skolestyre hadde gjort. Skolestyret i Trondheim viste i sitt vedtak nettopp til skrivet frå departementet, og skoledirektøren i Trondheim fann at vedtaket var heilt i orden.

Dette vedtaket i Trondheim blei heller ikkje allment kjent før i 1912, da Kristiansund-saka kom opp.

6. Eide kommune 1907

Saka i 1907 galdt skoleplanen i landkommunen Eide ved Grimstad, ein skoleplan som blei utarbeidd i 1906. I utkastet til plan stod dette i avsnittet ”Undervisningsplan”: ”Skolens særlege Sprogform er Rigsmalet.” Dette fann skoledirektør Mattias Skard (1846–1927) i Kristiansand merkeleg, og han vende seg da til departementet: ”Efter alt maa jeg her se udtryk for en illojal tendens som ikke maa støttes” (Krs. skd. j.nr. 883/06).

Departementet bad om ei nærmere forklaring frå skolestyret om kva som var meint med formuleringa om den ”særlege Sprogform”. Formannen i skolestyret svarte slik:

[V]ed den nævnte Bestemmelse menes det samme som Skolestyret i Møde 9de Oktober 1906 bestemte: ”Skolens Læse- og Lærebøker skal være affattede paa Rigsmaal og Elevernes skriftlige Arbeider i Almindelighed affattes i dette Maal”. (Sit. etter Jahr 1984: 134.)

Dette var skoledirektør Skard heilt usamd i, og i kommentarar til skoleplanutkastet skreiv han at utkastet til skoleplan måtte endrast. Denne formuleringa måtte inn, meinte han: ”Undervisningen meddeles saavidt muligt paa børnenes talesprog” (Krs. skd. j.nr. 599/07). Vi ser at det er formuleringa frå 1878 skoledirektør Skard held seg til her.

Dette ville ikkje skolestyret godta. Det vende seg direkte til departementet og spurde om skoledirektøren kunne krevje ei slik endring? Departementet viste i svaret sitt til skrivet frå 1904, og kunne ikkje ”indse at det skulde være stridende mot loven, at der samtidig vedtages en bestemmelse om, at undervisningen saavidt mulig skal meddeles paa riksmaal, dog saa, at man overfor de smaa lemper sig efter bygdemalet” (Norsk Lovtidend 1907, s. 394).

At departementet her var på kollisjonskurs med det mange målfolk meinte, er sikkert. Men noko oppstyr blei det heller ikkje i 1907 om dette. Tidlegare statsminister og statsråd Jørgen Løvland (1848–1922) sa i 1912, da ”lærar Grimstad-saka” kom opp i Stortinget, at dersom han som statsråd i 1907 hadde fått kjennskap til det skrivet departementet sendte i Eide-saka, ville han ha stoppa det. Saka kunne i så fall tatt ei anna retning.

8. Kristiansund 1911

Da ”lærar Grimstad-saka” frå Kristiansund kom opp, hadde såleis departementet solid bakgrunn i eigne tidlegare skriv for å seia at skolestyret var i sin

fulle rett når det gjorde vedtak om riksmål i den munnlege undervisninga. Derfor hadde opposisjonen frå lærar Knut Grimstad ikkje noko for seg.

Men no blei saka løfta opp politisk, til Stortinget. Saka var uehdig for regjeringa. Det var da ei regjering av Høgre og Frisinna Venstre, og sistnemnde parti hadde kyrkjeministeren, Edvard Liljedahl (1845–1924). Statsminister Jens Bratlie (1856–1939) hadde lovt at regjeringa skulle vera nøytrale i språksaka. Statsråd Liljedahl måtte ta imot harde åtak for rundskrivet han var politisk ansvarleg for. Det stunda mot stortingsval hausten 1912, og regjeringa ville ikkje for alt i verda hisse på seg målfolket for mykje. Venstre-opposisjonen lét sjølv sagt ikkje sjansen gå frå seg til å kritisere regjeringa i denne saka.

9. Prinsippet frå 1878 vinn fram 1912–1915

Da regjeringa fann at det tok til å brenne under føtene på seg, la ho 3. april fram ein lovpropositjon om endring av landsskolelova. Da interpellasjonsdebatten om Kristiansund-saka kom opp seinare i månaden, kunne derfor statsråden vise til proposisjonen som ei løysing som burde vera god for alle partar. Den sentrale ordlyden i framleggget var slik:

Den mundtlige undervisning skal saavidt mulig meddeles paa stedets almindelige talesprog. Ved den mundtlige undervisning i norsk skal dog barnene tillike opøves i den sprogform, som er bestemt for deres skriftlige arbeider (Ot.prop.nr.21,1912).

Riksmålsrørsla reagerte med sinne på framleggget og meinte at regjeringa hadde gitt altfor mykje til målfolket med framleggget sitt. Samstundes var riksmålstilhengjarane redde for å støyte Høgre frå seg. Det partiet hadde programfesta at riksmålet burde danne basis for den framtidige språkutviklinga. Derfor måtte dei passe seg så dei ikkje gjekk altfor sterkt ut mot regjeringa i denne saka.

Ved valet hausten 1912 vann opposisjonen, Venstre-partiet, ein knusande siger, og kunne danne ei majoritetsregjering med Gunnar Knudsen (1848–1928) som statsminister. Jørgen Løvland blei kyrkjeminister med ansvar for språksaka. Den nye regjeringa trekte odelstingspropositjonen frå den førre regjeringa attende, og kom med sin eigen i april 1914. Her finn vi denne formuleringa, som seinare stort sett har vore brukt:

Ved den mundtlige undervisning bruker eleven sit eget talesprog, og læreren skal saavidt mulig tillempa det for ham naturlige talesprog etter dette. (Ot.prp. 37, 1914, s. 70.)

I kyrkjekomiteen var alle samde i denne formuleringa, sjølv om det blei eit fleirtal og eit mindretal når det galdt andre sider ved paragraf 73, målparagrafen. Fleirtalet sa dette om talemålet i skolen:

Barnene skal paa skolen som ellers bruke det maal de har lært hjemme hos mor og far. Læreren skal saavidt mulig hjælpe barnene til at tale sin dialekt saa rent og godt som mulig. Men hverken han eller skolestyret har ret til at paalægge barnene at tale bokmaal i undervisningstimerne paa skolen. (Indst. O. XII – 1914, s. 69.)

Det ligg ei snedig formulering her, som om lag ti år seinare skulle koma til å vekkje mykje strid og ordkløyveri. Skolestyret kunne ikkje påleggje borna å tala ”bokmaal” på skolen. Kva skulle ein leggje i omgrepet ”bokmaal” her? Var det meint ”det almindelige bokmaal”, dvs. riksmål? Eller meinte dei eit stift bokspråk, dvs. at borna ikkje skulle lære å snakke som ”ei bok”? Det er rimeleg å tru at både tolkingane hadde sine talsmenn i Stortinget på den tida, men open strid om det kom altså først opp langt seinare.

Ein sentral mann i dette tiåret når det galdt å sikre talemalet til borna i skolen, var skoledirektør Olav Eftestøl (1863–1930). Han var fødd i Kvinesdal i Vest-Agder og fekk første utdanninga si på Kristiansand lærarseminar, der han blei uteksaminert i 1882, 19 år gammal. No i 1915 var han formann i kyrkjekomiteen, og det nettopp siterte fleitalsvotumet frå komiteen ber sterkt preg av at Eftestøl har formulert det. I debatten i Stortinget om lovframlegget sa han dette:

Barnas talemaal er hellig, barna har den hellige ret til i skolen at bruke sit eget talemaal, og blir dette lov, saa kan der ikke komme en lærer eller lærerinde eller noget skolestyre i landet og sige til barna, at de skal tale bokmaal, men de er pliktig til etter loven at tilholde barna at tale sit eget talemaal, det, som de har lært hjemme hos far og mor saa rent og godt som mulig (Ot. 1915, s. 1206).

Her ser vi at Eftestøl bruker omgrepet ”bokmaal”, men utan å definere om han med det meiner ”talt riksmål” eller eit stift bokspråk, altså det å tala som ei bok. Vi må tru det var vel planlagt av Eftestøl at han ordla seg slik. Også andre representantar streka under kor viktig det var at denne paragrafen no kom inn i landsskolelova. Men ein del talarar var likevel litt i tvil, særleg var dei redde for at målrørsla ville prøve å misbruke denne paragrafen til nye reine landsmålsframstøytar. Nokre talarar sa at når dei gjekk med på formuleringane som det var gjort framlegg om, så var det fordi det her galdt landsskolelova, og berre ho. Noko heilt anna ville det vera, meinte desse representantane, for byfolkeskolen. Det var skilnad her på by og land, meinte dei. Formuleringa blei vedtatt mot 18 røyster. Dermed kom prinsippet frå 1878 om talemalet i skolen for første gong inn i lovverket i 1915, men førebels altså berre for landsfolkeskolen.

10. Bymåla får same lovvern som bygdedialektane i 1917

Året etter la departementet fram forslag om at byskolelova skulle få same formulering som ein no hadde i landsskolelova. Saka kom opp i Stortinget i 1917. Kyrkjekomiteen blei delt i eit fleirtal og eit mindretal her, og fleirtalet meinte dette:

Bydialektene har ikke den anseelse som landsdialektene; de kaldes gjerne 'gatesprog', og mangen en lærer og lærerinde har gjort sit yterste for at utrydde det hos sine elever; resultatet er ikke uteblitt: respekten for barnets virkelige morsmaal er nedbrutt og bruken av det sørgelig forkvaklet. For at komme bort fra dette finder flertallet med departementet det nødvendig uttrykkelig i loven at bestemme, at elevene ved den mundtlige undervisning skal bruke sit eget talesprog, og at læreren skal søke at tillempa sit maal derefter. (...) Hermed er selvfølgelig ikke sagt, at læreren skal finde sig i slurvet og uriktig tale fra barnenes side; normen skal være vedkommende bys dialekt anvendt saa sproglig riktig som læreren evner det. (Indst. O. X – 1917.)

Det siste er ei noko uklar utsegn, for å seia det varsamt. Det er synd at komitefleitalet ikkje gir døme på kva det meiner med "slurvet og uriktig tale" hos borna. Eg trur nok vi i dag ikkje ville kunne godta dei døma fleirtalet da ville ha gitt.

Dette var altså fleirtalssynet i komiteen. Mindretallet la fram det same framlegget som mindretallet i 1915 hadde stått på, nemleg: "Undervisningen skal foregaa i det norske sprog." Mindretallet uttalte følgjande som grunngjeving i 1917:

Mens det maa indrømmes at landdistriktene som regel har sin temmelig utprægede dialekt, kan dette ikke siges i samme grad og betydning om byene. Dette ligger i selve sakens natur. Paa landet er jo befolkningen gjennemgaaende fastboende og faar saaledes sit særpræg ogsaa med hensyn til sprog. Til byene derimot strømmer folk fra alle strøk av landet, liksom der foregaar en stadig flytning fra by til by; særlig de større byer maa vistnok siges at ha en forholdsvis ganske liten kjerne av "stedegen" befolkning. Men forholder det sig saa, da er det bare i en meget modifiseret betydning av ordet der kan tales om en bys dialekt. Den vil i almindelighet være vanskelig at paapeke, likesom det ikke vil være let at skjelne mellom dialekt og vulgært gatesprog (s.st.).

Dette siste var sjølv sagt viktig for mange, også for fleirtalet i komiteen. Det blei likevel ingen debatt i Stortinget om grenseoppgangen mellom dialekt og "slurvet og uriktig tale" eller "vulgært gatesprog". Stortingsrepresentantane avgrensa seg til å snakke heilt generelt om dialekt og "gatesprog". Rimeligvis kjennte ikkje representantane seg heilt komfortable med å delta i ein eigentleg fagleg debatt. Dermed ville det bli heilt opp til den einskilde lærar å definere kva som var dialekt, og kva som ikkje var det i taalemålet til elevane.

11. Situasjonen etter lovvedtaket i 1917

Etter at lovendringa i byskolelova var vedtatt i Stortinget, hadde dialektane til alle folkeskoleborna – på landet (1915) og i byane (1917) – fått eit lovvern som i internasjonal samanheng er heilt unikt. Mens skolar i andre land såg det som ei viktig oppgåve å leie elevane vekk frå dialektane og til eit standardtalemål, var dette no forbode ved lov i Noreg.

Dels var dette ei oppfølging og styrking av prinsippet frå 1878, altså at det blei lovfesta. Men dels var det også meint som ei sikring av det språklege

materialet som mange stortingsrepresentantar såg på som eit mogleg grunnlag for ei framtidig samling av skriftnormalane. Ideen om ei skriftspråkssamling hadde no solid fleirtal i Stortinget, og fleire peika i debatten om talemålet i skolen på at bydialektane kunne vera som ei språkleg bru mellom landsmål og riksmål (Jahr 2007; 2008, 2014, 2019). Bydialektane stod språkleg i tett samband med bygdemåla rundt byane, men som bymål hadde dei også noko særleg urbant til liks med riksmålet. Slik blei det i alle høve tenkt av mange.

12. Skoledirektørane tar grep 1922-23

Lovtekst og lovvedtak er éin ting, gjennomføring i praksis i skolen noko heilt anna. Det kom ikkje sjeldan meldingar om brot på lovpåboden om å respektere talemålet til elevane, sjølv sagt oftast frå byskolane. I 1922 fann derfor dei sju skoledirektørane i landet det nødvendig å innskjerpe påboden i lova. Dei vedtok ei fråsegn i saka, som skoledirektør Olav Eftestøl hadde forfatta, og dei fekk departementet til å sende det ut som eit departementsskriv i februar 1923.

To svært sentrale aktørar var med her. Olav Eftestøl var som nemnt formann i kyrkjekomiteen på Stortinget i 1915, da talemålet i bygdeskolane blei drøfta, og da det blei gjort lovvedtak om språkbruken i skolane på landet. No var han den blant skoledirektørane som skreiv det dokumentet departementet sendte ut som autoritativt skriv, og som snart skulle bli svært omstridd. Saman med seg i skoledirektørgruppa hadde han Johan Gjøstein (1866–1935), skoledirektør i Agder. Han hadde som stortingsrepresentant i 1917 talt spesielt varmt for vern av arbeidarane sine bymål. Han støtta sterkt opp om det Eftestøl hadde formulert på vegne av alle skoledirektørane om talemålet i skolen, og som altså i februar 1923 blei sendt ut som rundskriv frå departementet:

Ved den mundtlige undervisning bruker elevene sitt eget talesprog.

Talesproget er det mål som barnet har lært av sin mor, det mål som det taler når det er sammen med sine foreldre, sine søsken eller sine kamerater. Det er lærerens plikt å holde barnets talemålet højt i øre, og han skal la barnet forstå og føle dette. Han skal oppmuntre det og hjelpe det til å tale sitt heimemål rent, klangfullt og godt. Han må ikke venne barna av med å tale heimemålet og søke å få dem til å tale bokmål på skolen. Mot ethvert forsøk i den retning må skolens tilsynsmann straks gripe inn og pålegge vedkommende å overholde lovens klare forskrift. (...)

Læreren skal såvidt mulig tillempe det for ham naturlige talesprog etter elevenes talesprog.

Heri ligger for det første at læreren taler det mål som faller ham naturlig. Ingen andre kan fastsette hvad der skal falle naturlig for ham, han må selv avgjøre den ting. Han kan tale landsmål eller bokmål eller dialekt. Men han skal i alle tilfelle såvidt mulig tillempe sitt mål etter elevenes talemål. (Rundskriv frå KUD, 27.2. 1923, her sit. etter Jahr 1984: 393f.)

Vi ser her at Olav Efestøl, og etter han departementet, nok ein gong sjonglerer med omgrepene ”bokmål”. I første avsnitt kan det tyde både ”riksmål” og ”stift bokspråk”, men i det andre avsnittet er det tvillaust ”riksmål” som er meint. Dette blei da også kraftig påtalt i den debatten som kom etter departementsskrivet. Det viste seg også snøgt at lovvernet av bydialektane neppe verka slik det var tenkt i 1917. Skoleinspektøren i hovudstaden Olav Schulstad (1868–1945) skreiv i *Norsk Skoletidende* (1923, s. 538) at ”Hvis et barn taler gatesprog på skolen er det lærerens plikt å gripe inn.” Men dei døma han gir på ”gatesprog”, er godt innanfor bydialekten i Oslo (Larsen 1907, Wiggen 1990): ”Henner har finni kniven” og ”Nils var med vors og bærte vann”. Skiljet mellom dialekt og gatespråk, som stortingsrepresentantane også hadde vore opptatte av i 1917, var ikkje lett å definere konkret.

13. Ny Bergens-sak 1923–1924

Det var likevel i Bergen det store rabalderet verkeleg skulle byrje, nett som i 1904. Skolestyret i Bergen vedtok i oktober 1923 at elevar og lærarar skulle nytte ”korrekt” riksmalet i undervisninga i skolen, for, som skolestyret hevda, ”Riksmalet er talemalet i Bergen”.

Det var rundskrivet frå departementet som hadde hissa opp skoleinspektøren i Bergen så mykje at han la fram ein krass kritikk av det for skolestyret, og bad om at styret slutta seg til den kritikken han framførte mot rundskrivet. Framleget frå skoleinspektøren blei vedtatt med 12 røyster mot 8 etter ein hissig debatt. Vedtaket, som skulle skapa nasjonal oppsikt, var slik:

I. Riksmalet er Bergen folkeskoles undervisningssprog og skolebarnenes talesprog, som altsaa skal benyttes av elevene og søkes utviklet mest mulig ”rent, klangfullt og godt”.

II. Lærerne skal først og fremst tillempe sit naturlige talesprog efter barnenes talesprog (her riksmalet) – fordi dette er den maate hvorpaas elevene kan naa lengst mulig i utviklingen av sit talesprog. (Referatprotokoll for Bergen skolestyre 1923, fol. 155, i Bergen byarkiv.)

Saka blei straks appellert til departementet av skoledirektøren, men derfrå kom det ikkje noko svar. Saka berre låg og låg i departementet. Derfor blei ho tatt opp i Stortinget i ein interpellasjon i slutten av februar 1924. Kyrkjestatsråden fekk spørsmål om departementet meinte at vedtaket i Bergen skolestyre var i samsvar med skolelova?

Her må vi ta med noko om den politiske situasjonen. 1920-åra er merkte av hyppige politiske kriser, og det var regjeringsskifte så å seia kvart år. Da departementet sendte ut det rundskrivet som innskjerpa føresegna i skolelovene om talemalet i skolen, i februar 1923, var det Venstre-regjering. Men da saka kom

opp i Stortinget året etter, hadde ei Høgre-regjering tatt over. Og den regjeringa var, som vi kunne vente, ikkje særleg positivt innstilt til føresegna i skolelovene om bruken av talemålet i undervisninga.

Svaret frå statsråden på spørsmålet om vedtaket i Bergen skolestyre var i samsvar med lova, blei ikkje slik spørsmålstillaren kunne ha ønskt seg. Statsråden sa at skolestyrevedtaket var lovleg dersom riksmalet var talespråket for folkeskolens elevar i Bergen. Men om dette var ein riktig eller uriktig påstand, kunne departementet ikkje uttala seg. Det var eit vitskapleg spørsmål, ”og Bergen skolestyre maa jo selv være nærmere til at besvare det spørsmålet end departementet”, hevda kyrkjeministeren (St.t. 1924, s. 497). Han viste til monografien om Bergen bymål (Larsen og Stoltz 1912), som også skolestyret hadde gjort. Den fremste dialektologen i landet, Amund B. Larsen (1849–1928), hadde blitt interpellert om spørsmålet, og hadde da svart slik:

Bergen bymaal stemmer paa alle væsentlige punkter med det man i almindelighet kalder riksmaal. Dette har paa alle steder [–] jog saaledes ogsaa i Bergen – socialt lavere liggende former som er langt fra at være ideale som riksmaal betraktet. Man kunde derfor ogsaa kalde Bergen bymaal er mere eller mindre dialektfarvet riksmaal (s.st.).

Fråsegna frå Amund B. Larsen ber tydeleg preg av å vera skrive på oppfordring akkurat i denne saka, men det må vera lov å undre seg over at ein språkforskar av Larsens kaliber har latt seg overtala til å gi ei fråsegn i ei så politisk betent sak.

14. Det viktige vedtaket i Stortinget for 100 år sidan om talemålet i skolen

Det blei ein lang debatt i Stortinget, referatet fyller over 70 sider i Stortingstidende. Ein som verkeleg kasta seg inn i debatten, var Johan Gjøstein, som no sat siste året sitt på Stortinget. Det var han som no var formann i kyrkjekomiteen, og no representerte han Norges Socialdemokratiske Arbeiderparti, som samla folk som var gått ut av Det Norske Arbeiderparti i 1919. Samstundes var Gjøstein som nemnt skoledirektør i Agder. Han hevda i debatten at det Bergen skolestyre hadde gjort, var eit så klart lovbro som det var mogleg å gjera:

Jeg protesterer og hævder at det er lovens mening – jeg har været med at lage denne lov fra første stund og til sidste slut – netop at fastslaa at dette foragtede gatesprog, som Bergens skolestyre tillater sig at uttale sig foragtelig om, skal holdes i aqt og ære (s.st., s. 499).

Han hevda vidare at alle dei som hadde stått mest sentralt i arbeidet da lova blei formulert og vedtatt, var samde om tolkinga av ho, og han sa vidare:

Vi hævder stik i strid med hvad skolestyret i Bergen hævder, at det betyder ganske enkelt, at vi vil ha forbudt dette, at lærere og lærerinder – kanskje særlig de sidste – i byskolerne anstranger sig etter al evne for at plukke ut av barna deres eget morsmaal, – forat de skal lære at tale ”pent” (s.st.).

Den lange debatten avslørte store meiningskilnader. Det var langt frå slik at representantane var samde om å forsvere dialektane i byane. Problemet var, ikkje uventa, definisjonen av omgrepet ”bydialekt”. Skiljet gjekk mellom dei som ville akseptere at gatespråket og bymålet var eitt og det same, og, på den andre sida, dei som ikkje ville akseptere at lova tok sikte på vern av det dei kalla vulgærmålet i byene. Dei hevda stort sett at riksmaal skulle lærast, fordi gatespråket eigentleg berre var slurv, manglende grammatikk og språklege mistydingar.

Det blei også peika på at det her i botn var tale om ei grunnleggjande sosial motseiing: Det var underklassen i byane som brukte ”vulgærmål”, og det var derfor det var så lite påakta og hadde så låg sosial prestisje. Nettopp derfor var det språksosialt viktig å verne om desse talemåla. Andre la vekt på at bymåla – folkemåla i byane – var norske dialektar slik som bygdemåla var det, og det var viktig å verne om dei slik at også dei med tida kunne bidra positivt i skriftspråksutviklinga. Dei såg da fram mot ei språkleg samling ved at desse dialektane stadig meir skulle påverke dei to skriftmåla fram mot eit samnorsk skriftspråk.

Trass i dei store meiningskilnadene i debatten viste det seg at Stortinget til slutt kunne gjera dette samrøystes vedtaket den 12. mars 1924:

Stortinget henstiller til Kirke- og undervisningsdepartementet at paase, at folkeskolelovens bestemmelser om elevenes ret til at benytte sit eget hjemlige talemaal i skolen og til saavikt mulig at faa sin undervisning paa dette maalføre blir etterkommet lojalt og uten indskrænkninger eller indgrep fra skolemyndigheternes side (s.st., s. 644).

Korleis kunne eit samrøystes storting samlast om eit slikt prinsipielt viktig og avgjerande vedtak etter den usemjå som hadde kome fram i ordskiftet?

Svaret ligg i to tilhøve. For det første tolka representantane framleis uttrykket ”elevenes hjemlige talemaal” ulikt. Fleire av dei sa at dei meinte dét og dét med uttrykket og derfor kunne dei røyste for framlegg til vedtak. For det andre: I det første framlegg til vedtak stod det – med klar referanse til Bergen skolestyre og til skolestyra i Arendal og Brevik, som også hadde gjort vedtak om munnlig riksmaal i skolane – dette: ”(...) uten indskrænkninger eller indgrep fra *skolestyrenes* side”. Det var såleis direkte retta mot slike vedtak som det dei hadde gjort i Bergen, og seinare i Arendal og Brevik. Mange av dei som i Stortinget såg med skepsis på heile den passusen i skolelovene som galtdt elevane sin rett til å bruke talemalet sitt i skolen, var oppsette på å avgrense den makta skoledirektørane hadde. Det var skoledirektørane – med Eftestøl og Gjøstein i spissen – som hadde forma ut det rundskrivet departementet sendte ut i 1923, og som var utgangspunktet for heile denne saka. Riksmaalsfolka på Stortinget såg det som uheldig at det var så mange målvenner blant dei sju skoledirektørane i landet. Det blei derfor

sett fram forslag om å bytte ut ”skolestyrene” i framleggget til vedtak med ”skolemyndigheterne”. Med det kom vedtaket også til å omfatte skoledirektørane. Dei som støtta det opprinnellege framleggget, hadde ikkje noko imot denne endringa, og dermed kunne Stortinget gjera eit samråystes vedtak.

Dette vedtaket representerer eit høgdepunkt i Stortinget si handsaming av stridsområdet ”talemålet i skolen”, og det trass i dei meiningskilnadene som låg gøynde i vedtaket. Verken i 1915 eller 1917, da paragrafen om talemålet kom inn i dei to skolelovene, var det mogleg å få til eit samråystes vedtak. Begge gongene var det 18 røyster imot. Men no var det samråystes – jamvel om ein del representantar reserverte seg med omsyn til tolkinga av lova som vedtaket refererte til.

15. Politisk oppfølgjing av det samråystes stortingsvedtaket i 1924

Ikkje lenge etter at Stortinget hadde gjort dette vedtaket, måtte høgreregjeringa gå, og ei ny venstreregjering tok over. Denne regjeringa følgte opp vedtaket i Stortinget med eit rundskriv til skolemyndighetene 14. februar 1925. Der blir prinsippet om talemålet i skolen slått ettertrykkeleg fast:

Etter paragraf 64.1 i byskulelovi og paragraf 73.1 i landsskulelovi skal elevane i folkeskulen få bruka sitt eige talemål, og læraren skal so vidt mogeleg lempa det for han naturlege talemål etter borni sitt talemål.

Det er soleis ikkje nokon grunn for eit skulestyre til å gjera vedtak um *talemålet* i skulen, då lovene sjølv gjev ein greid regel om dette. Heller ikkje har eit skulestyre rett til å gjera vedtak um talemålet i strid med desse fyrsegnene i skulelovene. Gjer skulestyret det, er ikkje vedtaket bindande for born og lærarar.

Ein skal beda hr. direktøren sjå vel etter at skulestyri også på dette umkverve strengt fylgjer lovene. Skulde noko skulestyre ikkje gjera det, skal ein beda um at departementet må verta varsle snarast. (Norsk Skoletidende 1925, s. 134.)

Dette var klare ord, og seinare har det aldri vore omfattande politiske kampar om det prinsippet at skoleborna i Noreg fritt skal få bruke heimemålet sitt i skolen. Det samråystes vedtaket i Stortinget 12. mars 1924 – for 100 år sidan i år – sette punktum for vidare diskusjon. Prinsippet om talemålet i skolen har effektivt sett ein bom for å lære elevane opp i eit gitt standardtalemål, slik det mykje er blitt gjort i mange andre land, også i grannelanda Danmark og Sverige. I Noreg er det i staden dialektbruk som rår.

16. Noreg eit annleisland også talespråkleg

Slik står Noreg fram som eit språkleg annleisland også munnleg. Det er nok betre kjent både innanlands og i utlandet at Noreg er spesielt skriftspråkleg – med to nærliggande skriftnormalar for det same nasjonalspråket, norsk (Haugen 1966, Jahr 2014, 2015). Det er mindre kjent at Noreg på grunn av prinsippet om

talemålet i skolen tilbake frå 1878, og etter omfattande språkpolitiske kampar i eit kvart hundreår ca. 1900 til 1925, også har ein unik situasjon når det gjeld munnleg bruk av språket (Skjekkeland 2017). Den omfattande dialektbruken vi finn i alle lag av det norske samfunnet, ikkje berre i skolane, kan vanskeleg bli forklart utan at prinsippet om talemålet i skolen blir inkludert i forklaringa.

Etter diverse lovendringar mellom 1924 og i dag har skolelova no (frå 1999) denne formuleringa av prinsippet om talemålet i skolen:

I den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva for talemål dei vil bruke. Undervisningspersonalet og skoleleiringa skal likevel i stortest mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar (Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), § 2.5).

Referansar

- Haugen, E. (1966). Language conflict and language planning: The case of modern Norwegian. Cambridge, MA: Harvard University Press. [Omsett til norsk av D. Gundersen (1968) Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre. Oslo: Universitetsforlaget.]
- Jahr, E. H. (1984). Talemålet i skolen. En studie av drøftinger og bestemmelser om muntlig språkbruk i folkeskolen (fra 1874 til 1925). Oslo: Novus.
- Jahr, E. H. (1997). On the use of dialects in Norway. In H. Ramisch & K. Wynne (Eds.), Language in time and space. Studies in honour of Wolfgang Viereck on the occasion of his 60th birthday, 4 September 1997 (Zeitschrift für Dialektologie und Linguistik – Beiheft 97) (pp. 363–369). Stuttgart: Franz Steiner. [Reprinted in K. Sándor (Ed.), Issues on language cultivation (pp. 75–84). Szeged: Juhász Gyula University Press, 2001.]
- Jahr, E. H. (2007). The planning of modern Norwegian as a sociolinguistic experiment – 'from below'. In S. Elspass, N. Langer, J. Scharloth, & W. Vandenbussche (Eds.), Germanic language history 'from below' (1700–2000) (Studia Linguistica Germanica 86) (pp. 379–403). Berlin – New York: De Gruyter.
- Jahr, E. H. (2008). On the reason for dialect maintenance in Norway. *Sociolinguistica*, 22, 157–170.
- Jahr, E. H. (2014). Language planning as a sociolinguistic experiment: The case of modern Norwegian. Edinburgh: Edinburgh University Press.
- Jahr, E. H. (2019). Språkplanlegging og språkstrid. Utsyn over norsk språkhistorie etter 1814 (2nd ed.). Oslo: Novus. (Original work published 2015).
- Jahr, E. H., & Janicki, K. (1995). The function of a standard variety – a comparative study of Norwegian and Polish. *International Journal of the Sociology of Language*, 115, 25–45. <https://doi.org/10.1515/ijsl.1995.115.25>
- Larsen, A. B. (1907). Kristiania bymål. Vulgærproget med henblik på den utvunge dagligtale. Kristiania: Utgit av BymålsLAGET i kommission hos Cammermeyers Boghandel.
- Larsen, A. B., & Stoltz, G. (1912). Bergen bymål. Kristiania: Aschehoug.
- Norsk lovtidend (1904, 1907).
- Norsk Skoletidende (1911, 1923, 1925).
- Skjekkeland, M. (2017). Dialektbruk og språkleg klima i Noreg. *Scripta Neophilologica Posnaniensis*, XVII (Festschrift for Stanislaw Puppel on the occasion of his 70th birthday), 307–311.
- Stortingstidende (1912, 1914, 1915, 1917, 1924).
- Wiggen, G. (1990). Oslo bymål. In E. H. Jahr (Ed.), Den store dialektboka (pp. 179–184). Oslo: Novus.

